

BACHELOROPPGÅVE

Utforskaren i praksis

Korleis nyttar samfunnsfaglærarar Utforskaren i undervisning?

av

330 Rune Gunnarskog

337 Daniel Røed

**How teachers use the main goal the Researcher in the new curriculum
for social studies**

Grunnskulelærer 5.- 10.

PE379

Mai 2016



Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva (Skriv inn tittel) i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

330 Rune Gunnarskog

JA X NEI__

337 Daniel Røed

JA X NEI__

Føreord

Denne oppgåva har vi skrive som ein del av studiet Grunnskulelærer 5.-10. ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Oppgåva handlar om Utforskaren, og korleis samfunnsfaglærarar på ungdomstrinnet i Sogn og Fjordane nyttar denne i praksis. Vi valde dette emnet fordi dette var noko som fatta interesse då vi tok Samfunnsfagdidaktikk, våren 2015. Der vart vi gjort kjend med hensikta til hovudområdet. Fordi Utforskaren er ganske ny som hovudområde i læreplan for samfunnsfag, tenkte vi at det kunne vere interessant å undersøke korleis samfunnsfaglærarar faktisk arbeider med dette i praksis. Vi valde å gjennomføre undersøkingane på ungdomstrinnet fordi det er i den aldersgruppa vi helst kan tenkje oss å arbeide når vi er ferdig utdanna. Vi har lært mykje undervegs i arbeidet med denne oppgåva, og ser fram til å sjølve nytte Utforskaren i undervisning.

Vi vil rette ein takk til rettleiar Per Jarle Sætre for gode idear og nyttige diskusjonar undervegs. Vi vil også rette ein takk til informantane i denne oppgåva som stilte opp og delte si erfaring.

Sogndal, 10.05.2016

Rune Gunnarskog

Daniel Røed

Innhald

Føreord	3
1.0 Innleiing	5
2.0 Metode	6
2.1 Kvalitativ metode	6
2.2 Val av metode	7
2.3 Val av informantar	7
2.4 Førebuingar	8
2.5 Feilkjelder	8
3.0 Teori	9
3.1 Samfunnsfag	10
3.2 Konstruktivisme	12
3.3 Kjeldekritikk	13
3.4 Ludvigsen-utvalet	14
4.0. Resultat og drøfting	15
4.1 Kjennskap til Utforskaren	15
4.2 Utforskaren i planlegging og gjennomføring av undervisning	18
4.3 Nytteverdien av Utforskaren	20
4.4 Korleis Utforskaren vert nytta i dei andre hovudområda i læreplan for samfunnsfag	23
4.5 Er Utforskaren noko nytt?	25
4.6 Har skulen læremiddel til å dekkje måla i Utforskaren?	28
5.0 Oppsummering og konklusjon	30
6.0 Referansar	32
Vedlegg	

1.0 Innleiing

Utforskaren er eit hovudområde i læreplan for samfunnsfag. Formålet med dette hovudområdet er at det skal strekke over og arbeidast med samstundes som ein arbeidar med dei andre hovudområda i læreplan for samfunnsfag. Desse er historie, samfunnskunnskap og geografi.

Evalueringsrapporten *Kunnskapsløftet– tungt å bære* viste til at arbeidet med dei grunnleggjande ferdigheitene ikkje var tilstrekkeleg tatt på alvor på skulane. Dei peika også på svake styringssignal i førehald til dei grunnleggjande ferdigheitene (Utdanningsdirektoratet, 2009).

I perioden desember 2012 til mars 2013 blei det gjennomført høyringar, der Utdanningsdirektoratet tok i mot opp mot 900 høyringsuttalar frå ulike instansar. Desse instansane bestod av grunnskular, vidaregåande skular, fylkeskommunar, ulike direktorat, departement, høgskular, universitet, diverse interesseorganisasjonar og privatpersonar. Dette resulterte i april 2013 i ei oppsummering og vurdering av høyringsuttalar og forslag til endringar som blei gjeven i oppdrag 42-10 av Utdanningsdepartementet (Udir, 2013a).

I denne prosessen kom Utdanningsdirektoratet med forslag om å endre teksten i dei grunnleggjande ferdigheitene i læreplanane for å tydeliggjere ferdigheitene og synleggjere progresjonen i faga gjennom heile utdanningsløpet. I høyringsutkastet for samfunnsfag blei det føreslått å revidere formålsbeskrivinga for å tydeleggjere viktige sider ved faget. Vidare føreslo Utdanningsdirektoratet eit nytt hovudområde i samfunnsfag. Dette vart kalla Utforskaren, og var inspirert av forskarspiren i naturfag (Udir, 2013a).

Dette høyringsutkastet fekk stor støtte frå dei ulike høyringsinstansane, og fleirtalet var positive til dei grunnleggjande ferdigheitene og korleis dei er tydeliggjort. Dei var også positiv til det nye hovudområdet Utforskaren (Udir, 2013a).

I eit høyringsbrev frå desember 2012 kom det fram at omfanget av hovudområdet ikkje skulle auke innhaldet i planane i vesentleg grad. Hovudområdet skulle bestå av allereie eksisterande mål, berre formulert på ein annar måte eller slått saman. (Udir, 2012a).

På bakgrunn av denne revideringa som starta i desember 2010 vart Utforskaren tatt i bruk i Læreplan for samfunnsfag ved skulestart 2013 som eit nytt hovudområde. Vi er interessert i å sjå på korleis

Utforskaren blir tolka og korleis hovudområdet blir nytta av eit utval samfunnsfaglærarar på ungdomstrinnet i Sogn og Fjordane. Vi har derfor kome fram til denne problemstillinga:

Korleis nyttar samfunnsfaglærarar på ungdomstrinnet Utforskaren i undervisning?

2.0 Metode

I følgje Christoffersen og Johannessen (2012) skiljast det som regel mellom tre typar forskning: naturvitskap, humaniora og samfunnsvitskap. Denne oppgåva er ein del av feltet samfunnsvitskap, då den baserar seg på samfunnsfagleg forskning.

Christoffersen og Johannessen (2012) beskriv samfunnsfagleg metode som ein måte å gå fram på for å få informasjon om den sosiale verkelegheita, korleis denne informasjonen kan analyserast, og kva den fortel oss om samfunnsmessige forhold og prosessar. Dei skriv også at dei viktigaste kjenneteikna ved samfunnsfagleg metode er openheit, systemikk, grundigheit og dokumentasjon. Ved å nytte slik metode kan ein underbyggje ein påstand eller komme til ny kunnskap.

I samfunnsvitskapen skil ein mellom kvalitativ og kvantitativ metode, og noko som skil desse to er graden av fleksibilitet (Bernard, ref. Christoffersen og Johannessen 2012). Kvantitative metodar er generelt lite fleksible, og ein vil med dette komme fram til målbare resultat som fremjar oversikt og forklaring. Kvalitative metodar har større grad av fleksibilitet, og tillét større grad av spontanitet og samhandling mellom forskar og respondent der ein vil fremje innsikt og forståing. Ein arbeider her med opne spørsmål, og korleis desse vert stilt til respondentane kan variere (Christoffersen & Johannessen, 2012); (Tjora, 2012).

2.1 Kvalitativ metode

Fordi ein ved kvalitativt intervju arbeider med opne spørsmål, har informantane moglegheit til å svare med eigne ord og meir utfyllande enn ved kvantitativ metode. Forskaren har moglegheit til å stille oppfølgingsspørsmål som han kjem på undervegs, og dermed spele vidare på noko respondenten har sagt. Slik kan ein få detaljerte svar som byggjer på informantane sine eigne erfaringar (Christoffersen og Johannessen, 2012). Dette krev at forskar har god kunnskap om temaet det er snakk om, slik at han kan skreddarsy oppfølgingsspørsmåla undervegs, alt etter korleis informanten svarar for seg.

Ved å nytte kvalitativt intervju kan ein få fyldige og detaljerte beskrivingar. Christoffersen og Johannessen (2012) hevdar at føremålet ofte er å forstå eller å beskrive noko, og at det ofte er meir dialog enn reine spørsmål og svar.

Tjora (2012) skriv at ein i såkalla djupneintervju nyttar opne spørsmål som gjer informantane moglegheit til å gå i djupna der dei har mykje å fortelje. Han skriv også at ein i intervjusituasjonen vil tillate (og framelske) digresjonar frå informanten si side. Dermed kan ein komme inn på tema eller moment som intervjuaren ikkje nødvendigvis hadde tenkt ut på førehand, men som kan vise seg å vere viktig for informanten, og dermed vere relevant for undersøkinga.

Han meiner at ein viktig føresetnad for å lukkast med djupneintervju er at ein klarar å skape ei avslappa stemning der informanten følar at det er greitt å snakke ope, sjølv om personlege erfaringar. Det er i følge Tjora intervjuaren som har ansvaret for å etablere ramma for intervjuet. I følge Grønmo (2004) har kommunikasjonen mellom forskar og informant innverknad på resultatet.

2.2 Val av metode

I følge Dalland (2012) må ein velje den metoden som best kaster lys over problemstillinga. For å finne ut korleis samfunnsfaglærarar på ungdomstrinnet nyttar Utforskaren i undervisning, er det hensiktsmessig å nytte kvalitativt intervju som metode. Dette fordi vi ville ha moglegheita til å stille oppfølgingsspørsmål for å komme fram til detaljerte svar rundt praktiseringa av Utforskaren (Christoffersen & Johannessen, 2012).

2.3 Val av informantar

Informantane til denne oppgåva er valt ut etter nokre premiss. Dei underviser alle i samfunnsfag på ungdomstrinnet ved kvar sin skule i Sogn og Fjordane. Dei har alle relevant utdanning innanfor samfunnsfag. Informantane har varierende grad av arbeidserfaring i skulesystemet.

Ein informant vart vi kjend med gjennom praksis som lærarstudentar, ein informant kontakta vi fordi vi visste han svarte til kriteria vi sette for oppgåva, og ein informant fekk vi tak i gjennom mail-korrespondanse med rektoren ved skulen han arbeider ved. Namna til informantane og skulane dei arbeider ved er anonymisert i denne oppgåva. Vi har valt å kalle dei for Intervjuobjekt 1, Intervjuobjekt 2 og Intervjuobjekt 3.

Vi sendte kopi av mail der vi forklarte kva oppgåva skulle basere seg på til rektorane ved skulane informantane arbeider ved. Dette for at rektorane skulle vere informert om at vi intervjuar lærarane om deira praksis i bruk av Utforskaren.

Intervjuobjekt 1 underviser i samfunnsfag i 9.klasse, og har rundt 30 års erfaring i skulevesenet, periodevis innanfor samfunnsfag. Ho har samfunnsfag som ein del av grunnutdanninga si.

Intervjuobjekt 2 underviser i samfunnsfag i 10.klasse, og er i gang med sitt første år som lærar i samfunnsfag. Han har mastergrad i historie.

Intervjuobjekt 3 underviser i samfunnsfag i 8.klasse, og har jobba som lærar i snart 20 år. Utdanningsbakgrunnen hans er hovudfag i historie. Dette er hans første år som undervisar i samfunnsfag på ungdomstrinnet.

2.4 Førebuingar

Før datainnsamlinga starta blei intervjuguiden godkjend av bachelorvegleiar. Intervjuguiden blei nytta som utgangspunkt for intervju. Undervegs i intervju blei det stilt oppfølgingsspørsmål til informantane. Desse spørsmåla varierte frå intervju til intervju fordi vi spelte vidare på ting som vart sagt som vi ville ha presisert betre, også spurte vi om respondentane hadde praktiske eksempel på korleis dei gjorde ting på i planlegging eller undervisning.

Det blei presisert på førehand at dette er ei oppgåve som skal vise korleis samfunnsfaglærarar på ungdomstrinnet nyttar Utforskaren i eiga undervisning. Vi har fått munnleg samtykke frå alle informantane til å nytte deira bidrag i denne oppgåva. Vi har nytta opptaksverktøy for å ta opp intervju, og transkribert intervju i etterkant. Dei transkriberte intervju resulterte i 18 tettskrivne sider, så på grunn av mengda har vi valt å ikkje ta med desse som vedlegg.

Oppfølgingsspørsmåla som vart stilt til informantane varierte etter korleis dei svarte på spørsmåla som var ein del av intervjuguiden. Før kvart intervju bestemte vi at ein av oss skulle ta leiinga under intervjuprosessen, medan den andre kom med oppfølgingsspørsmål ved behov og mot slutten av intervjuet.

2.5 Feilkjelder

Larsen (2007) viser til tre undersøkingseffektar i kvalitative intervju. Intervjuaren sitt kroppsspråk eller verbale kommentarar kan ha påverka informanten sine svar. Dette kallar Larsen for intervju-effekta.

Spørsmåleffekta er ei annar effekt som kan ha vore med å påverka resultatet. Korleis ein som intervjuar stiller spørsmåla til informanten kan ha påverknad på resultatet, og ein bør unngå å stille leiande spørsmål.

Ei tredje effekt som Larsen hevdar kan påverke svara til informanten er konteksteffekta. Dette går ut på at spørsmål som er stilt tidlegare i intervjuet kan påverke svara informanten kjem med seinare i intervjuet. Fordi nokre av spørsmåla vi stilte i intervjuet omhandla informantane sine eigne undervisningsopplegg, kan det tenkast at dette kan ha følast litt personleg for dette utvalet av profesjonsarbeidarar.

Dei tre kriteria reliabilitet, validitet og generaliserbarheit vert ofte nytta som indikatorar på kvalitet ved forskning. Ein kan hevde at reliabilitet handlar om intern logikk gjennom eit forskingsprosjekt. Validitet handlar om ein logisk samanheng mellom spørsmåla ein vil finne svar på og prosjektet si utforming og funn. Generaliserbarheita går ut over det som er undersøkt og er knytt til forskinga sitt gyldigheitsområde (Tjora, 2012).

I følge Tjora (2012) har ein innsett at fullstendig nøytralitet ikkje kan eksistere i eit forskingsprosjekt. Forskarens kunnskap er ein ressurs, men korleis kunnskapen vert nytta i ei analyse, må gjerast eksplisitt.

Vi er to forskarar som arbeider med denne oppgåva, og vår tolking av Utforskaren kan ha vore med å påverka resultatet av datainnsamlinga gjennom intervjuprosessen.

Funna i denne bacheloroppgåva kan ikkje generaliserast utover dei tre informantane vi har nytta.

3.0 Teori

For å seie noko om korleis lærarar nyttar Utforskaren i eiga undervisning må vi definere kva Utforskaren er, og kvifor Utforskaren kom inn i læreplan for samfunnsfag. I tillegg er det interessant å sjå på korleis Utforskaren er bygd opp frå eit teoretisk læringsperspektiv. Fordi denne oppgåva baserar seg på samfunnsfaglærar si erfaring med bruk av Utforskaren i undervisning, er det relevant å sjå på teori om samfunnsfagdidaktikk. Vi har valt å skrive litt om kva Ludvigsen-utvalet er, og korleis dei meiner skulen bør vere i eit framtidsperspektiv.

3.1 Samfunnsfag

I grunnskulen er samfunnsfag delt inn i dei fire hovudområda Samfunnskunnskap, Historie, Geografi og Utforskaren. Desse hovudområda inneheld kompetansemål etter enda 4., 7. og 10. trinn.

Samfunnskunnskap omfattar emna sosialisering, politikk, økonomi og kultur. Dette hovudområdet handlar i stor grad om demokratiske verdiar, menneskerettar og likestilling (Udir, 2013b).

Føremålet med Historie er at elevane skal utvikle historisk oversikt og innsikt, og å undersøke og drøfte korleis menneske og samfunn har utvikla seg gjennom tidene. Gjennom dette skal elevane vurdere historisk informasjon kritisk, og reflektere rundt korleis dette påverkar notida (Udir, 2013b).

Geografi omfattar lokalisering og utbreiing av naturlege og menneskeskapte forhold på jorda. Forståing av korleis og kvifor desse påverkar kvarandre står sentralt, saman med refleksjon rundt berekraftig utvikling, samt kartlegging og diskusjon av endringsprosessar (Udir, 2013b).

Utforskaren skil seg frå dei andre hovudområda i samfunnsfag då Utforskaren består av samfunnsfaglege metodar for å nå kompetansemåla i dei andre hovudområda. Fordi Utforskaren er eit verktøy for å nå måla i dei andre hovudområda i læreplan, må det jobbast med samtidig som ein jobbar med dei andre hovudområda. Skapande aktivitetar, undring og samfunnsfaglig forståing gjennom nysgjerrigheit står sentralt i dette hovudområdet (Udir, 2013c).

Naturfagplanen hadde allereie ved lanseringa av LK06 eit målområde som heitte Forskarspiren. Dette hovudområdet beskriv «vete at»- kunnskap og «vere korleis»- kunnskap som dei to måtane naturvitskapen står fram på i naturfagundervisninga. Lund (2016) skriv at Forskarspiren er inspirasjonskjelde for Utforskaren i samfunnsfag. Forskarspiren handlar om utforsking, utvikling av hypotesar, kritisk vurdering, argumentasjon, diskusjon og grunngjeving (Udir, 2013d). Fellestrekk for Forskarspiren og Utforskaren er blant annar å legge til rette for den utforskande og undrande eleven, og ein ser at kritisk vurdering og diskusjonar er viktige moment ved dei begge.

Læreplangruppa sitt opphavelige forslag til namn var *Veilederen*. At skulemyndigheitene i staden kalla det nye målområdet for *Utforskaren*, gjer ifølgje Lund (2016) det eit signal om kva ein ikkje var fornøgd med. Det er den aktivt utforskande elev frå beskrivinga i Generell læreplan 1993 som igjen vert etterlyst.

Lund (2016) skriv at innleiinga til Utforskaren er identisk for alle tre årstrinna. For kvart årstrinn er det ei rekke kompetansemål. Desse er til dels henta frå «vete korleis»-punkta i dei tre målområda historie, geografi og samfunnskunnskap i den første utgåva av LK06, dels er det formulert nye som alle angår aspekt ved «vete korleis»-kunnskap. Denne samlinga av «vete korleis»-kunnskap er utforma ved å gjere dei nye punkta felles for alle tre faga.

I følgje Lund (2016) vert faglege markørar som er viktige for fagleg kunnskap og læring i dei tre faga utydelege. Samtidig vert det vanskelegare å markere progresjon i utvikling av nøkkelomgrepa enn det var i dei opphavelege planane. På den eine sida gjer Utforskaren skiljet mellom dei to kunnskapsformane i historie tydelegare, slik det var gjort i planen for vidaregåande skule. På den andre sida svekker Utforskaren arbeidet med å utvikle fagspesifikk kompetanse og djupnelæring knytt til faga sine omgrep, i følgje Lund (2016).

Det vert i både Læreplanverket for Kunnskapsløftet og i Læringsplakaten understreka betydninga av å stimulere elevane sine læringsstrategiar og evner til kritisk tenking, både individuelt og i samarbeid med andre. I tillegg vert det understreka at skulen skal stimulere elevane si lærelyst, uthald og nysgjerrigheit. Det kjem tydeleg fram av desse dokumenta at den som underviser i geografifaget, skal utvikle ei undervisning som får fram nysgjerrigheit og skapar undrande aktivitetar som stimulerer til kritisk refleksjon (Nolet, 2015). Eksempel på ein slik aktivitet er i følgje Aarre, Børhaug og Christophersen (2014) å teste elevane sine eigne hypotesar om lokalt arbeids- og næringsliv. Ved å studere kjelder og dokument kan elevane få trening i å finne dei mest pålitelege kjeldene om kommunane. Ein slik metodekompetanse inneber å utvikle evna elevane har til å drive kritisk tolking av statistikk, slik dei skal kunne gjere ifølgje kompetansemåla i «Utforskar»-delen av samfunnsfagplanen.

I følgje Koritzinsky (2014) vert det i særleg stor grad lagt metodiske føringar for elevane sine aktive undersøkingar i hovudområdet Utforskaren. Han hevdar at både dei gamle og nye læreplanane samfunnskunnskap legg stor vekt på den undersøkande eleven, og at særleg Utforskaren, legg godt til rette for elevane sine moglegheiter til å drive med metodisk tenking og eigne undersøkingar. Dette er meir påpeika i dagens læreplan, enn det var tidlegare.

Aarre ofl. (2014) hevdar at samfunnsfaglege metodar har fått større og større plass i læreplanane i samfunnsfag, og spesielt innanfor samfunnskunnskap.

Dei skriv at ei av «nyvinningane» i Kunnskapsløftet er at desse metodane ikkje lenger berre er tilrådelege arbeidsmetodar. Dei er ferdigheiter som kompetansemåla seier at elevane skal kunne, for

eksempel at elevane skal lære seg å utvikle og bruke spørjeskjema, intervju og systematiske observasjonar og å samle inn materiale.

3.2 Konstruktivisme

Konstruktivismen er ein teori om kva kunnskap er, og ein teori om korleis læring skjer. Denne læringsteorien er delt inn i fleire retningar der vitskapsmenn og teoretikarar har ulikt syn innanfor konstruktivismen, og korleis læring føregår. Eit gjennomgåande tema i dei fleste teoriene er korleis konstruksjonen av kunnskap føregår. Nokon teoretikarar meiner at læring skjer *ved individuell utforsking* i dei fysiske omgjevnadane, medan andre meiner at læring skjer gjennom *sosial samhandling* (Imsen, 2012).

Den kognitive konstruktivismen vert kjenneteikna ved at læring skjer individuelt, der læringa oppstår gjennom et samspel mellom den fysiske omverda og borna. Kunnskap blir konstruert gjennom ein miljømesseg stimulans gjennom dei moglegheitene born får til å kunne utforske aktivt (Imsen, 2012). Sett i samband med korleis Utforskaren skal nyttast i undervisning ser ein tydeleg fellestrekk til den utforskande og meiningsøykande eleven.

Innanfor sosial konstruktivisme meiner Kenneth Gergen at mennesket lærar gjennom sosialt samkvem, debattar og diskusjonar. Han meiner at objektive sannheiter ikkje eksisterer, kunnskap blir «godkjent» i eit fellesskap av lærde og forskarar der kunnskap er noko dei «blir einig om» fordi det ikkje eksisterer i seg sjølv. I forhold til born si læring peikar sosial konstruktivisme på språkets betydning for born (Imsen, 2012).

Vygotsky står bak ein sosiokulturell læringsteori som hevdar at læring skjer i sosialt samspel. I følge Imsen (2012) er eit sentralt punkt i denne teorien at all intellektuell utvikling og tenking har utgangspunkt i sosial aktivitet. I følge Vygotsky skjer utviklinga frå det sosiale til det individuelle, slik at eit born klarar å gjennomføre ei handling i samspel med andre før det klarar å gjennomføre den aleine (Imsen, 2012).

John Dewey sin læringsteori *Learning by doing and reflection*, går under eit konstruktivistisk læringssyn. Det same gjer tverrfagleg prosjektorientert undervisning og problembasert læring. Innhaldet og arbeidsform i eit slikt læringsperspektiv er til ein viss grad elevstyrt og nokon av fellestrekkene ved ein slik arbeidsform er elevaktivitetar og undersøkingar (Imsen, 2012).

Å lære har to sider ved seg, ein aktivt og ein passiv som kombinerast for å tileigne seg erfaring. Den aktive delen handla om å forsøke eller eksperimentere, ein har ikkje svaret i hovudet og må då prøve og feile for å komme fram til eit resultat. Den passive delen er å *bli utsatt for*, det vil sei at når ein erfarer noko, vil ein handle ut frå dei erfaringane (Dewey, 2002). Ta for eksempel eit born som stikk fingeren sin inn i ein flamme. Børnet erfarer ikkje noko ved å stikke fingeren i flammen, då erfaringane kjem i etterkant ved at flammen blir forbunde med smerte. I følgje Imsen (2012) er det når individet forstår samanhengen mellom ei handling og resultatet av den at ein lærar noko. Hadde børnet ikkje forbunde flammene med smerte, ville antakeleg børnet brent seg fleire gongar, og handlinga ville ikkje bli oppfatta som ein konsekvens.

Eit tilsvarande konstruktivistisk læringssyn vart presentert rundt 1960 då Bruner skreiv boka *The Process of Education*. Bruner kom opp med teorien *Learning by discovery*, som har mange fellestrekk med Dewey's *Learning by doing and reflection*. Prinsippet for *Learning by discovery* baserar seg på den sjølvstendige og aktive eleven som skal eksperimentere og finne ut av ting sjølv. Tanken bak dette er at læringa skal vere sjølvregulert, og at den byggjer på ein indre motivasjon (Imsen, 2012). Metoden baserar seg på nokon enkle og grunnleggjande idear som passar til alle fag. Tanken er at elevane skal finne «kjernen» i problemet, der dei gjennom undersøkingar og eksperimentering skal byggje ut og nyansere dette (Imsen, 2012).

I prinsippa for opplæring (Udir, 2012b) står det at lærarane skal legge til rette undervisninga gjennom varierte og målretta aktivitetar for å oppmuntre elevane til lærelyst. «Elevane skal få, men også sjølv kunne velje oppgåver, som både utfordrar og gir høve til utforsking, åleine eller saman med andre» (Udir, 2012b). Vidare står det at elevane skal organisere si eiga læring gjennom læringsstrategiar der dei planleggjar, gjennomfører og vurderer arbeidet dei har gjort. «Gode læringsstrategiar fremmar motivasjon for læring og evna til å løyse vanskelege oppgåver, også i vidare utdanning, arbeid og fritid» (Udir, 2012b).

3.3 Kjeldekritikk

Eit informasjonssamfunn har ikkje ein endeleg teoretisk definisjon, men omgrepet informasjonssamfunn kan ha ulike vinklingar. Ein kan sjå informasjonssamfunnet frå eit økonomisk perspektiv, sosialt eller kulturelt forhold. Under eit kulturelt og sosialt forhold blir informasjonssamfunnet sett på som eit stadium der tilgangen på informasjon er like tilgjengeleg uansett samfunnslag og aldersgruppe (Store Norske Leksikon, 2014).

Å være kritisk og utøve god kjeldekritikk går under ein av dei grunnleggjande ferdigheitene i samfunnsfag. I dagens teknologiske samfunn har vi mye informasjon lett tilgjengelig og kan få den informasjonen vi treng på få sekund. Dei fleste av oss startar ofte eit søk etter informasjon på ein søkemotor på internett som Google eller Yahoo. Kjeldene ein finn der har ulik grad av validitet. Nettsider som for eksempel Wikipedia er brukarstyrte, der kven som helst kan redigere dei ulike artiklane som ligg på denne sida. Dette kan gjere at informasjonen blir unøyaktig og i enkelte tilfelle feil. Då kjem spørsmålet om ein kan stole på den informasjonen Wikipedia presenterer. For å kunne gje elevane meir variert informasjonsgrunnlag meiner Skavhaug (2012) at læraren må styre elevane sine søk inn mot riktige naturressursar. Skavhaug (2012) drar også fram Wikipedia som eit godt eksempel på korleis ein kan drive generell opplæring i kjeldekritikk, gjerne i form av prosjekt eller liknande.

Nokre viktige element innanfor generell digital kompetanse er kva opphavsrett betyr og kva ein kan gjere med andre sitt materiale. Ein må kunne vurdere materiale ein finn på nettet og finne ut kven sitt arbeid det er. Viktige spørsmål er om ein kan stole på, kva politisk vinkling det har, og i kva grad det er relevant (Skavhaug, 2012).

3.4 Ludvigsen-utvalet

I juni 2013 vart det sett ned eit utval som fekk i oppgåve å vurdere grunnopplæringa sine fag opp mot krav til kompetanse i eit framtidig samfunns- og arbeidsliv i eit 20-30-årsperspektiv. Utvalet vart leia av professor Sten Ludvigsen, og dei la fram sin rapport 15.juni 2015.

Ludvigsen- utvalet viser til ein noverande læreplan som dei meiner er for omfattande, og at denne må ryddast opp i. Det skal bli meir fokus på korleis elevane tileignar seg kunnskap, og utvalet meiner at elevar som er bevisst på korleis dei lærar er betre rusta for å møte eit samfunn i endring.

Rapporten anbefalar fire kompetanseområder som grunnlag for fornying av innhaldet i skulen. Desse er:

- Fagspesifikk kompetanse
- Kompetanse i å lære
- Kompetanse i å kommunisere, samhandle og delta
- Kompetanse i å utforske og skape

(NOU 2015:8, 2015, s. 8)

Spesielt punktet som går ut på at elevane skal ha kompetanse i å utforske og skape meiner vi er interessant å sjå i samanheng med hovudområdet Utforskaren i læreplan for samfunnsfag. Dette punktet inkluderer kritisk tenking og problemløysing. Utvalet viser til at dette vil fremje blant annar refleksjon og kjeldekritikk, som er sentrale mål i Utforskaren. Dei hevdar at kritisk tenking og problemløysing heng saman med kreativitet og innovasjon, og at evne til å ta i bruk vitskaplege metodar også høyrer med der. Kreativitet har Ludvigsen-utvalet definert som å vere nysgjerrig, uthaldande, fantasifull i problemløysing, aleine og ikkje minst i samarbeid med andre (NOU 2015:8, 2015, s. 10).

Det er tydelig at tankane bak punktet i å utforske og skape er i same bane som dei tankar som låg bak innføringa av Forskarspiren i naturfag og Utforskaren i samfunnsfag. Ein vil leggje til rette for at elevane vert meir sjølvstendige i sitt arbeid, og at ein skal leggje til rette for kritisk tenking og refleksjon.

4.0. Resultat og drøfting

Med problemstillinga «Korleis nyttar samfunnsfaglærarar på ungdomstrinnet Utforskaren i undervisning?» er å målet å finne ut korleis Utforskaren vert praktisert. I følgjande del drøftar vi svara til informantane, samanliknar desse og knyt dei opp mot sentrale delar av teorien.

4.1 Kjennskap til Utforskaren

Dei tre informantane har kjennskap til Utforskaren. Dei veit at det er ein del av læreplanen i samfunnsfag, og nyttar måla i Utforskaren i eiga undervisning. Det kjem fram at det er ein viss usikkerheit rundt korleis Utforskaren skal praktiserast.

«Vi hadde dette oppe på eit seksjonsmøte i haust, der vi såg på nokon av områda i Utforskaren.» Intervjuobjekt 1

«Eg kjenner jo litt til Utforskaren då, men det er jo alltid slik at ein kan gjere seg meir kjend med desse områda.» Intervjuobjekt 1

«Så då måtte eg setje meg inn i læreplanen også, og sjå kva den sa. Men eg er nok litt usikker på om eg er bevisst nok i arbeidet, spesielt då med utforskaren.» Intervjuobjekt 2

«Eg ser etter kva eg kan nytte i Utforskaren for å nå måla i læreplanen.» Intervjuobjekt 3

Det kjem fram at informantane har ganske lik forståing av Utforskaren. Dei veit at det er eit hovudområde som består av metodar for å tileigne seg kunnskap. Alle tre nemner sentrale delar av Utforskaren som diskusjon og refleksjon, fokus på kjeldebruk og kjeldekritikk. Det vert nemnd at det er fokus på at elevane skal komme fram til informasjon sjølve i ein utforskande setting. Dette er gjennomgåande gjennom intervju.

«Eg tenkjer først og fremst at Utforskaren er ein metode for å nå kompetansemåla i dei andre delane av læreplanen. Og at ein jobbar ikkje spesifikt med Utforskaren på den måten, men ein tar i bruk dei punkta for å nå for eksempel kompetansemåla i Historie.»

Intervjuobjekt 2

«At vi ikkje skal tre kunnskapen ned over hovudet deira, men at dei i større grad skal prøve å finne ut av ting sjølve.» Intervjuobjekt 3

«..det er vel det at ein skal utforske, reflektere, ein skal tenkje meir over korleis ting har blitt til.» Intervjuobjekt 1

I følgje Utdanningsdirektoratet skil Utforskaren seg frå dei andre hovudområda i samfunnsfag ved at dette består av samfunnsfaglege metodar for å nå kompetansemåla i dei andre hovudområda. Utforskaren må arbeidast med samtidig som ein arbeider med måla i dei andre hovudområda i læreplan for samfunnsfag (Udir, 2013c). Intervjuobjekt 2 si tolking av føremålet med Utforskaren samsvarar med føremålet til dette hovudområdet. Når ein ser på svara til Intervjuobjekt 1 og Intervjuobjekt 3 ser ein at dei trekkjer fram sentrale delar av Utforskaren, som den undersøkte eleven. Dette samsvarar med Koritzinsky (2014) si tolking av Utforskaren der han hevdar at den undersøkte eleven står sentralt i læreplan for samfunnsfag. Han meiner at Utforskaren i særleg stor grad legg godt til rette for elevane sine moglegheiter til å drive med metodisk tenking og egne undersøkingar. Dagens læreplan har meir fokus på elevar si metodiske tenking, enn det har vore i tidlegare læreplanar, i følgje Koritzinsky (2014).

Den undersøkte eleven i Utforskaren samsvarar med Bruner sin læringsteori *Learning by discovery*. Intervjuobjekt 3 nemner at elevane i større grad skal finne fram til informasjon sjølve, og denne skildringa passar godt med det Imsen (2012) beskriv som at elevane skal finne «kjernen» i problemet, og gjennom undersøking og eksperimentering nyansere dette.

Ved spørsmål om kvifor informantane trur Utforskaren har kome med som eige hovudområde i læreplan for samfunnsfag, nemner alle tre at elevane skal lære å reflektere rundt spørsmål som eit viktig punkt. Refleksjon er noko som er sentralt i Utforskaren, og det er fleire av måla som er retta mot denne eigenskapen. Ein annan grunn som vart nemnd for at Utforskaren har kome inn som eige hovudområde i læreplan for samfunnsfag er at elevane skal lære å utforske, og å tenkje meir sjølvstendig.

Aarre ofl. (2014) skriv at metodane i Utforskaren ikkje lenger berre er tilrådelege arbeidsmetodar. Fordi dei no er innlemma som eit eige hovudområde, er dei i følgje læreplanen i samfunnsfag ferdigheiter som elevane skal kunne.

Informantane viser til at det har kome eit auka fokus på at elevane skal ha «korleis»- og «kvifor»-kunnskap. I følgje Lund (2016) er kompetansemåla i Utforskaren til dels henta frå «vete korleis»-punkta i dei tre målområda historie, geografi og samfunnskunnskap i den første utgåva av LK06, dels er det formulert nye som alle angår aspekt ved «vete korleis»-kunnskap. Fordi desse no er samla i eit eige hovudområde, er måla meir tydeleggjort og får dermed eit auka fokus.

Informantane viser til at vi lev i eit informasjonssamfunn der elevane vert eksponert for veldig mykje informasjon frå mange forskjellige kanalar. Det kjem fram at å gjere elevane bevisst på at dei må møte denne informasjonen med eit kritisk syn er ein viktig del av samfunnsfaget, og at Utforskaren som hovudområde kanskje er spesielt godt eigna til å gjere dette.

«Eg tenkjer at det blant annar har ein del med kritisk tenking å gjere, at ein skal sikre at elevane lærer seg å tenkje kritisk til ting dei finn, og eg trur det har ein samanheng med at vi lev i eit samfunn der det er veldig mykje informasjon gjennom veldig mange kanalar.»

Intervjuobjekt 2

«Spesielt det å kunne tenkje kritisk, og å nytte kjeldekritikk er veldig viktig. Særleg når det gjeld digitale medier.» Intervjuobjekt 2

I følgje SNL (2014) blir informasjonssamfunnet sett på eit stadium der tilgangen på informasjon er like tilgjengelig uansett samfunnslag og aldersgruppe. Det kjem fram at å gjere elevane bevisst på å møte informasjon dei kjem over med eit kritisk syn vert sett på som ein viktig del av samfunnsfaget, og at Utforskaren er spesielt godt eigna for dette.

4.2 Utforskaren i planlegging og gjennomføring av undervisning

Det kjem fram at måla i Utforskaren vert nytta både bevisst og ubevisst i planlegginga av samfunnsfagundervisning. Ein del av måla i Utforskaren krev, i følgje informantane, ein del planlegging for å gjennomførast. Andre mål i Utforskaren er naturlege å gjennomføre gjennom for eksempel vanlege samtalar i undervisningssituasjonar, og krev ikkje mykje planlegging. Når informantane som har arbeidd lenge i skulen fortel om korleis dei gjennomfører eigne undervisningsopplegg kjem det fram at desse opplegga gjerne svarar på måla i Utforskaren, utan at det nødvendigvis er planlagt på førehand. Dette kan tyde på at måla i Utforskaren er kjent frå før av, og at informantane har desse metodane som ein naturleg del av sine undervisningsopplegg.

«Noko kjem naturleg, andre (opplegg) krev meir planlegging for å nå måla.» Intervjuobjekt 2

Intervjuobjekt 1 viser til målet i læreplan for samfunnsfag om at elevane skal kunne *«formulere spørsmål om forhold i samfunnet, planleggje og gjennomføre ei undersøking og drøfte funn og resultat munnleg og skriftleg»* (Udir, 2013b) som eit mål som krev ein del planlegging for å få gjennomført.

Intervjuobjekt 2 seier at han har tatt med ein del av måla i Utforskaren i årsplanen. Han har planlagt og gjennomført eit opplegg der elevane skal kunne *«skrive samfunnsfaglege tekstar med presis bruk av fagomgrep, grunngjevne konklusjonar og kjeldetilvisingar»* (Udir, 2013b).

Intervjuobjekt 3 seier at han i planlegginga av undervisning gjerne leitar fram gamle kjelder som han kan nytte i undervisninga, og på den måten skape diskusjonar i klasserommet som fremjar refleksjon og fokus på kjeldekritikk.

I følgje intervjuobjekt 2 er det ikkje noko problem å leggje til rette for refleksjonsspørsmål i vanleg undervisning, for eksempel for å nå målet om at elevane skal kunne *«reflektere over samfunnsfaglege spørsmål ved hjelp av informasjon frå ulike digitale og papirbaserte kjelder og diskutere formål og relevans til kjeldene»* (Udir, 2013b).

«Dette er jo noko som er veldig enkelt å leggje naturleg inn i undervisninga, rett og slett gjennom å ha samtalar med elevane.» Intervjuobjekt 2

«Vi har prøvd å leggje til rette for fagsamtalar, både elevane i mellom, men også fagsamtalar der vi kan nytte det for eit vurderingsgrunnlag.» Intervjuobjekt 1

Eksempla som informantane presiserer kan begge sjåast i samanheng med Gergen sin sosialkonstruktivistiske læringsteori som baserar seg på at læring skjer i samspel med andre. Gjennom diskusjonar i klasserommet kan ein skape situasjonar der elevane lærar av, og med kvarandre (Imsen, 2012).

Arbeid med samfunnsfaglege omgrep vert trekt fram, spesielt Intervjuobjekt 1 meiner dette er ein svært viktig del av samfunnsfagundervisninga. Ho seier at dei på teamet har stort fokus på bruk av samfunnsfaglege omgrep i både planlegging og gjennomføring av samfunnsfagundervisning. Dette fordi det viser seg at dei elevane som ikkje forstår samfunnsfaglege omgrep i stor grad slit med å forstå samanhengen i samfunnsfaglege tekstar eller samtalar.

«..vi har vore bevisst på å lage omgrepsark til dei ulike tema vi har.» Intervjuobjekt 1

I følgje Lund (2016) svekker Utforskaren arbeidet med å utvikle fagspesifikk kompetanse og djupnelæring knytt til faga sine omgrep. Intervjuobjekt 1 hevdar at mangelen av forståing av samfunnsfaglege omgrep er eit problem i samfunnsfag. Å lage omgrepsark i planlegginga av undervisning, og aktiv nytte dette i undervisning meiner ho er viktig for elevane si forståing av heilskapen. Sjølv om metoden ho nyttar med å dele ut og gå i gjennom samfunnsfaglege omgrep i fellesskap i klassen ikkje fell under ein utforskande metode, er dette ein metode som kan demme opp for svakheiter Lund (2016) peikar på i Utforskaren.

Intervjuobjekt 3 seier at han har stort fokus på kjelder. Han nyttar gjerne planleggingstida til øktene å finne fram gode kjelder som han kan nytte i undervisninga. Han finn gjerne kjelder som er svært subjektive, og skapar diskusjon rundt dette i klasserommet, og prøvar å få elevane til å reflektere rundt kvifor det er framstilt på denne måten. Han nyttar gjerne maleri, gamal skrift og gamle bileter. Han nyttar også dagsaktuelle saker i nyheitene for å sjå på saker og korleis desse er vinkla.

«Det er om å gjere å få elevane til å følgje litt med i media, ikkje berre Hotell Cæsar og slike vaseprogram.» Intervjuobjekt 3

Aarre, ofl (2014) skriv at ved å studere kjelder og dokument kan elevar få trening i kjeldehandtering, og lære å vurdere kva som er pålitelige kjelder. Dette inneber at elevane utviklar evner til å drive kritisk tolking. Intervjuobjekt 3 legg til rette for slik utvikling ved å presentere svært subjektive kjelder og skape diskusjonar og refleksjon i klasserommet.

Dei tre informantane viser alle til bruk av digitale verktøy som ein viktig del av arbeidet med Utforskaren i samfunnsfagundervisninga. Det viser seg at elevane ofte nyttar internett for å finne informasjon om forskjellige emner innanfor samfunnsfag. Det kjem fram av intervjua at arbeid med digitale verktøy i særleg stor grad vert sett i samheng med arbeid rundt kjelder og kjeldekritikk.

«Spesielt det å kunne tenkje kritisk, og å nytte kjeldekritikk er veldig viktig. Særleg når det gjeld digitale medier». Intervjuobjekt 2

Nolet (2015) meiner at ein sentral del av Utforskaren er at elevane skal vurdere kritisk ny og etablert samfunnsfagleg kunnskap ved å nytte kjelder og kjeldekritikk. Basert på svara frå informantane kan det virke som om fokus på kjelder og kjeldekritikk vert sett på som ein spesielt viktig eigenskap for elevane. Det vert av informantane peika på den enorme eksponeringa av informasjon i dagens samfunn, spesielt på internett, for å vise til viktigheita rundt å sjå på informasjon i eit kritisk lys.

4.3 Nytteverdien av Utforskaren

Det kom fram litt sprikande svar frå informantane rundt nytteverdien av Utforskaren. Dette kan ha med måten spørsmåla blei stilt på, at informantane tolka dette på forskjellige måtar. Det kan også ha med forskjellig bakgrunnskunnskap om Utforskaren og eldre læreplanar hos informantane.

Intervjuobjekt 2 meiner det er ein del sjølvagte ting som står i Utforskaren, som ikkje nødvendigvis hadde vore behov for eit eige hovudområde for å få presisert. Han seier at den har nytteverdi som metode for å nå måla i dei andre tre hovudområda i læreplan for samfunnsfag. Han drøftar at ein like gjerne kunne skrive inn nokre av måla i Utforskaren som ein introduksjon til læreplanen, eller som ein generell del.

«Eg er i grunn litt delt i synet mitt på Utforskaren». Intervjuobjekt 2

«Ein kan jo stille spørsmål ved at om ein vert for mykje bunden opp mot ting når ein har eit slikt eige område». Intervjuobjekt 2

I følgje Lund (2016) er måla i Utforskaren til dels henta frå «vete korleis»-punkta i dei tre målområda historie, geografi og samfunnskunnskap i den første utgåva av LK06, dels er det formulert nye som

alle angår aspekt ved «vete korleis»-kunnskap. Intervjuobjekt 2 meiner at ein kan bli for mykje bunden opp fordi desse måla som tidlegare var «vete korleis»-punkt i dei eldre læreplanane no figurerer som eit eige hovudområde. Dette gjer at måla har fått meir tyngde, noko ein må ta omsyn til.

Intervjuobjekt 3 meiner det er greitt at Utforskaren presiserer litt korleis det er forventa at ein skal jobbe som lærar, og kva som er målet med Utforskaren. Han peikar på at Utforskaren er litt meir konkret enn resten av læreplanen, som han meiner er forholdsvis vid.

«Det er greitt å få litt presiseringar, slik at ein kan korrigere kursen litt for opplegga ein lagar sjølv. Då veit me vertfall at ein ikkje er heilt på viddene. Det er greitt at ein veit at der er slik ein skal jobbe for å nå måla.» Intervjuobjekt 3

Intervjuobjekt 1 meiner at Utforskaren kan fungere godt som metode for å skape refleksjon og diskusjon. Dette kan sjåast i samanheng med Gergen sin teori om at mennesket gjennom sosialt samkvem, debattar og diskusjonar (Imsen, 2012). Ho trekkjer fram forskjellige ideologiar, demokrati og menneskjeverd som eksempel på tema der nytteverdien av metodane i Utforskaren kan vere stor.

«Eg tenkjer at det er viktig at elevane klarar å reflektere... Og samtidig sjå på at hendingar kan framstillast ulikt». Intervjuobjekt 1

«Men fordelene er dette vi var inne på i stad, med danningperspektivet og å reflektere om ting som menneskjeverd og slike ting.» Intervjuobjekt 1

Intervjuobjekt 1 meiner at noko som er utfordrande med samfunnsfag er at dette er eit veldig vidt fag, med mykje fagstoff å gå gjennom på få timar. Dette samsvarar med Ludvigsen-utvalet sin rapport som meiner at læreplanar i dagens skule er for omfattande (NOU 2015:8, 2015, s. 8).

Korleis informantane ser på nytteverdien av Utforskaren varierer. Basert på svara kan det virke som dei tolkar spørsmålet ulikt. Intervjuobjekt viser til måla i Utforskaren som ho meiner er viktig at elevane skal kunne. Intervjuobjekt 2 trekk fram at fordi måla i Utforskaren no står som eit eige hovudområde, at lærar er meir bunden til å nytte desse arbeidsmetodane enn tidligare. Han hevdar at ein kanskje kunne stolt på lærar kjem fram til gode undervisningsmetodar utan at det nødvendigvis treng å vere samla i eit eige hovudområde. Intervjuobjekt 3 meiner det er bra

Utforskaren kjem med ein del presiseringar rundt korleis ein skal jobbe som lærar for å leggje til rette undervisninga si for å nå måla i dei andre hovudområda.

Når vi snakkar om fordelar med Utforskaren som eige hovudområde nemner alle informantane at fokus på kjeldekritikk har kome sterkare inn i læreplan i samfunnsfag gjennom Utforskaren. Dette saman med eit auka fokus på refleksjon hos elevane vert sett på som styrkar i hovudområdet.

«Men det at ein tar inn kjeldekritikk, og (elevane) skal vere kritisk til det ein finn (av informasjon), er ein fordel trur eg. At lærarar vert bevisste på at det er viktig i dagens samfunn.» Intervjuobjekt 2

«Men fordelene er dette vi var inne på i stad, med danningperspektivet og å reflektere om ting som menneskjevord og slike ting.» Intervjuobjekt 1

«Som sagt at ein vert nok bevisst på korleis ein burde leggje opp ting.» Intervjuobjekt 2

«..det kunne ein nok spissa litt meir, og sagt noko om kva ein vil fram til. No er det gjerne ein balansegang der også, at ein ikkje skal bli for mykje bunden opp til opplegg.» Intervjuobjekt 2

Ulemper som vert trekt fram rundt Utforskaren som eige hovudområde er at den kanskje er litt for omfattande. At læreplanane generelt er for omfattande er noko Ludvigsen-utvalet (NOU 2015:8, 2015, s. 8) konkluderte med i rapporten sin. I følgje Intervjuobjekt 2, gjeld dette også for Utforskaren. Intervjuobjekt 1 meiner fagstoffet i samfunnsfag er veldig mykje frå før av, og det er få timar på å komme gjennom dette på. Då det i tillegg vert hevda at nokre av måla i Utforskaren er tidkrevjande å nå, vert det naturleg å tolke dette som om det vert endå ein tidstjuv i eit allereie travelt fag. Det vert også sagt at nokre av måla i hovudområdet er litt vage.

«Men samtidig meiner eg det er litt for mange bindingar. Også er det enkelte av dei punkta som er litt vage, som er litt vanskeleg å forstå kva ein faktisk må gjere for å oppfylle det målet.» Intervjuobjekt 2

«Eg har jo vore inne på at eg synes den er litt omfattande eigentleg. Dei kunne kanskje ha kuttet ned på innhaldet.» Intervjuobjekt 2

Intervjuobjekt 1 syner til at samfunnsfag generelt er eit utfordrande fag, fordi det er så vidt. Ho seier at det er veldig mykje fagstoff som elevane skal gjennom på kort tid og få timar. Ho peiker på at nokre av måla i Utforskaren kan vere litt utfordrande å få til. For eksempel at elevar skal lage og gjennomføre egne undersøkingar meiner ho kan vere utfordrande.

«... dette med å vere varsam og anonymitet kan vere ei krevjande oppgåve.» Intervjuobjekt 1

Ein felles oppfatning av Utforskaren er at det gjer lærarane bevisst på korleis ein kan leggje opp undervisning. Ulemper som har kome fram er at det ikkje alltid er like enkelt å tolke kva ein vil fram til med måla i Utforskaren, då nokre av desse vert sett på som litt vage. Det vert derimot presisert at lærarane kan bli for mykje bunden til læreplanen dersom måla hadde vore spissa for mykje.

Informantane kom med sprikande svar når vi snakka om fordelar og ulemper ved Utforskaren, samt nytteverdien av denne. Måten vi stilte spørsmåla på, samt oppfølgingsspørsmål, kan ha vore med å påverke svara deira.

4.4 Korleis Utforskaren vert nytta i dei andre hovudområda i læreplan for samfunnsfag

Det kjem fram av intervjuet at Utforskaren vert nytta i dei andre hovudområda i læreplan for samfunnsfag slik det er presisert i Utforskaren at dette skal gjerast. Informantane seier at dei nyttar måla i Utforskaren samstundes som dei arbeider med måloppnåing i andre hovudområder i læreplanen. Gjennom intervjuet fortalde informantane om praktiske dømer der dei har nytta Utforskaren på denne måten. Det kjem fram at metodane i Utforskaren også er godt eigna for andre fag enn samfunnsfag.

Intervjuobjekt 2 fortel at han har gjennomført eit opplegg som inneheldt historie og geografi, der elevane arbeidde med temaet kolonitid og tidlegare koloniar. Dette arbeidet resulterte i munnlege presentasjonar, og samsvarar med målet i læreplanen om at elevane skal «nytte samfunnsfaglege omgrep i fagsamtalar og presentasjon ved ulike digitale verktøy, og byggje vidare på bidrag frå andre» (Udir, 2013b). Målet i historie som seier at elevane skal «gjere greie for kolonialisme og imperialisme og gje døme på avkolonisering» (Udir, 2013b) vart også dekkja i dette arbeidet. Arbeidet kan også dekke målet om at elevane skal kunne «kartleggje variasjonar i levekår i ulike delar av verda, forklare dei store skilnadene mellom fattige og rike og drøfte tiltak for jamnare fordeling» (Udir, 2013b) innanfor hovudområdet geografi.

«Me har hatt munnlege presentasjonar i noko historie, og noko delvis i geografi òg, som handla om kolonitid og tidlegare koloniar.» Intervjuobjekt 2

Intervjuobjekt 2 viser også til eit opplegg dei gjennomførte i haust, der tema var val.

«Vi har også skrive fagtekstar om kommunesamanslåing og val no i haust.» Intervjuobjekt 2

Dette omhandlar målet i Utforskaren, «skrive samfunnsfaglege tekstar med presis bruk av fagomgrep, grunnleggande konklusjonar og kjeldetilvisingar» (Udir, 2013b). Dette opplegget vil også dekke målet i samfunnskunnskap om at elevane skal kunne «gjere greie for korleis ulike politiske parti fremjar ulike verdiar og interesser, knyte dette til aktuelle samfunnsspørsmål og argumentere for eige syn» (Udir, 2013b).

Intervjuobjekt 1 viser til emna migrasjon, minoritetar, fleirkulturelt samfunn og politikk og demokrati som emne der ho har nytta metodar som fell under Utforskaren.

Han seier at han har hatt ein del undervisning i geografi som har gått ut på at elevane skal bli kjende på kart. Der har han nytta digitale verktøy og vanlege papirkart, og elevane har blitt kjend med verdskartet gjennom ein utforskande metode. Han presenterer undervisninga som tradisjonell undervisning, men då vi snakkar litt rundt korleis han har gjennomført den, finn vi ut at den svarar til ein del av måla i Utforskaren. Han seier at han nyttar metodar som fell under Utforskaren i engelskundervisning også. Spesielt innanfor britisk og amerikansk historie meiner han dette er passande.

Intervjuobjekt 3 seier at han har hatt undervisning i historie i emna «Den industrielle revolusjon», «1814», «arbeidarrørsla» og framover mot 1905. Han seier dei hadde om amerikabrev, og metoden baserte seg på kjeldekritikk. Dette er ei oppgåve som står i læreboka dei nyttar, Matrix. Der skulle elevane samanlikne og drøfte forskjellane i to brev som var sendt tilbake til Noreg frå to migrantar. Dette førte til samtalar i klassen som fremja diskusjon og refleksjon rundt kvifor desse to hadde heilt forskjellig oppfatning av livet i Amerika.

«Eit annar eksempel er utviklinga av utvandring frå Noreg fram til 1864, der er der eit fall i tal som utvandra.» Intervjuobjekt 3

Her seier han at dei diskuterte rundt dette i klassen. Denne metoden går under at eleven skal kunne «bruke statistiske kjelder til å berekne og beskrive tendensar og variasjonar i samfunnsfaglege drøftingar og vurdere om statistikken gjev påliteleg informasjon» (Udir, 2013b).

Intervjuobjekt 3 seier at innanfor samfunnskunnskap hadde dei ein del om valet no i haust som var. Det var i følgje han eit stort tema, der gjennomførte dei skuleval på skulen. Elles såg dei ein del på korleis utrekninga av mandat føregår, samt samansetting av Stortinget og liknande.

Koritzinsky (2014) hevdar at det i Utforskaren vert lagt særleg stor grad metodiske føringar for elevane sine aktive undersøkingar i Utforskaren. Eksempel på undervisningsmetodar som Koritzinsky meiner passar godt til dette er problembasert læring, ulike typar spørsmål, modellar for samanhengar og forklaringar, “storyline” og forteljingsprosjekt, samt prosjektarbeid. Det kom fram frå informantane eksempel på undervisningsopplegg som samsvarar godt med undervisningsmetodar Koritzinsky meiner er godt eigna.

Ein ser at ein fellesfaktor for desse opplegga er at dei ofte er lagt opp slik at elevane må samarbeide for å gjennomføre desse. I så måte er desse opplegga godt lagt til rette for at læring skal skje i sosialt samspel, slik Vygotsky hevdar i sin sosiokulturelle læringsteori. At intellektuell utvikling og tenking har utgangspunkt i sosial aktivitet (Imsen, 2012) er noko som heilt klart vert lagt vekt på i undervisningsopplegga informantane til denne bacheloroppgåva fortalde om.

4.5 Er Utforskaren noko nytt?

I følgje Lund (2016) er ikkje måla i Utforskaren nye mål, då dei er til dels henta frå «vete korleis»-punkta i dei tre målområda historie, geografi og samfunnskunnskap i den første utgåva av LK06, dels er det formulert nye mål som alle angår aspekt ved «vete korleis»-kunnskap. Denne samlinga av «vete korleis»-kunnskap er utforma ved å gjere dei nye punkta felles for alle tre faga.

Det kjem fram at informantane kjenner att fleire av måla i Utforskaren frå andre stader. Det vert derimot presisert at det har kome eit større fokus på enkelte områder etter at Utforskaren kom med som eige hovudområde.

Intervjuobjekt 2 er ny som lærar, og er usikker på kva som er nytt. Han seier at han ikkje kjenner til korleis læreplanane har vore tidlegare, men reknar med at noko av det han ser på som litt sjølvstøtt har vore ein del av læreplanane tidlegare. Han trekk fram fokus på digitale ferdigheiter og kjeldekritikk som to sentrale delar av Utforskaren som han meiner har fått auka fokus.

«Men eg vil jo tru at med Kunnskapsløftet så trakk dei inn ein del nye ting, som digitale ferdigheiter, kjeldekritikk og den typen ting. Og å vurdere kritisk kva ein finn.» Intervjuobjekt 2

«Kunnskapsløftet er jo knytt tett opp mot digitale ferdigheiter, så eg vil tru at noko av det er nye ting som ikkje har vore framme i tidlegare læreplanar.» Intervjuobjekt 2

Intervjuobjekt 3 meiner at presiseringa av måla i Utforskaren er noko som må sjåast på som nytt, då dette har ført til eit auka fokus på desse i seg sjølv. Han kjenner att ein del av måla i Utforskaren frå eldre læreplanar, og seier at dei er presisert på ein ny måte. Han meiner at elevane i større grad skal kome fram til informasjonen sjølve i dagens læreplan, og meiner dette er bra.

*«Det er jo blitt meir presisert at ein skal nytte digitale verktøy her i læreplanen, enn før.»
Intervjuobjekt 3*

«Elles kjenner ein seg jo igjen i dei gamle læreplanane, men som sagt er dette jo ei presisering.» Intervjuobjekt 3

Han meiner det er bra at det har kome slike presiseringar, og at desse metodane er ei god påminning på korleis ein kan arbeide for å nå måla i læreplanen.

«Det presiserer ein ny veg fram til målet.» Intervjuobjekt 3

Intervjuobjekt 1 meiner at elevane skal «formulere spørsmål om forhold i samfunnet, planleggje og gjennomføre ei undersøking og drøfte funn og resultat munnleg og skriftleg» (Udir, 2013b) er noko som er nytt. Ho seier også at det har kome meir bevisstheit rundt bruk av digitale verktøy i denne læreplanen enn tidlegare. Ho meiner det har kome klarare formuleringar ved Utforskaren om bruk av statistiske kjelder. Også ho kjenner att fleire av måla som står i Utforskaren frå tidlegare.

*«Det er nok kome klarare formuleringar om bruk av statistiske kjelder, tenkjer eg.»
Intervjuobjekt 1*

«Eg nemnde også meir bevisstheit rundt bruk av digitale verktøy.» Intervjuobjekt 1

Ho seier at data ikkje var funne opp då ho var nyutdanna, og at det har skjedd ei enorm utvikling innanfor digitale verktøy i den perioden ho har arbeidd som lærar. Ho trekkjer fram diskusjonar på internett som noko nytt i dagens samfunn. Ho peikar på at alt dette er nytt i forhold til då ho var nyutdanna, då det ikkje var eit internett å ta omsyn til. Refleksjon og drøfting meiner ho er meir vektlagt i dagens læreplan enn det var tidlegare, og viser til L-97. Ho fortel at det då i stor grad var vektlagt prosjektarbeid som metode i den generelle delen av læreplanen. Dette meiner ho ein har tatt vidare i dagens læreplan, spesielt med danningperspektivet, som er ein viktig del av dagens læreplan.

Informanten seier at det er gjort store endringar i forhold til prosjektarbeidet som var via ein stor del av den førre læreplanen. At læreplanen no er målbasert, medan det tidlegare gjekk i større grad ut på arbeidsmetodar. Då bestod læreplanen av mange tips og krav til korleis ein kunne for eksempel prosjektarbeid i undervisninga. I dag jobbar ein derimot med ein målplan, som elevane skal målast etter. Ho meiner at det er stor forskjell på L-97 og dagens læreplan. Samtidig viser ho at det er ein del punkt ho kjenner att frå tidlegare læreplanar.

Alle informantane peikar på at fokus på digitale verktøy har fått større plass i dagens læreplan, enn det hadde tidlegare. Dette er naturleg, då digitale verktøy har fått større del av samfunnet dei siste åra. Den utviklinga som har skjedd innanfor digitale verktøy i samfunnet generelt, har også skjedd i skulen. Refleksjon og drøfting er noko som også har fått større fokus etter Utforskaren sitt inntog som eige hovudområde, meiner intervjuobjekta.

«Det var kanskje ikkje så mykje vektlagt refleksjon og drøfting før i tida. Eg vil nok tru at det er noko som har kome meir inn no i seinare tid.» Intervjuobjekt 1

Ein ser av svara frå informantane at dei kjenner att mange av måla i Utforskaren frå tidlegare. Det kjem fram at fokus på digitale verktøy har vorte større dei siste åra, og at elevane skal lage og gjennomføre eigne undersøkingar vert sett på som noko nytt. Fokus på kjeldekritikk er ikkje nytt, men har fått auka viktighet gjennom presisering i Utforskaren. Refleksjon og drøfting er også noko som informantane kjenner att frå tidlegare læreplanar, men som gjennom presisering i Utforskaren har fått auka fokus. At elevane skal komme fram til kunnskap meir på eiga hand gjennom undersøkingar og eksperimentering, slik Imsen (2012) beskriv Bruner sin læringsteori er også meir vektlagt.

I følgje Aarre ofl. (2014) har samfunnsfaglege metodar fått større plass i læreplanane i samfunnsfag, spesielt innanfor samfunnskunnskap. Koritzinsky (2014) hevdar at både dei nye og gamle læreplanane i samfunnskunnskap legg stor vekt på den undersøkjande eleven.

At arbeidsmetodane som Utforskaren inneheld er basert på at elevane skal komme fram til informasjon meir gjennom ein utforskande metode, er i følgje Intervjuobjekt 3 positivt. Desse metodane er i stor grad basert på utforskande elevar som skal lære gjennom å prøve, og å reflektere rundt kva dei har lært. Dette kan sjåast i samanheng med Dewey sin teori *Learning by doing and reflection* (Dewey, 2002).

4.6 Har skulen læremiddel til å dekkje måla i Utforskaren?

Det kjem fram at informantane i stor grad legg undervisninga opp etter løpet lærebøkene har. Informantane meiner at lærebøkene dei nyttar er tilpassa måla i Utforskaren i varierende grad. Alle informantane seier at dei aktivt nyttar digitale verktøy i planlegging og gjennomføring av undervisning for å supplere lærebøkene. Dei viser til at digitale verktøy, spesielt med tanke på Utforskaren, er godt eigna for å nå måla i dette hovudområdet.

«Altså, det er jo ikkje læreboka som skal styre undervisninga. Men no er det jo slik at det gjer det litt enklare når du kan bruke ei lærebok som utgangspunkt.» Intervjuobjekt 1

Kosmos som læreverket får blanda tilbakemeldingar. Dette verket vert nytta som klassesett av intervjuobjekt 1 og 2. Intervjuobjekt 1 er ikkje nøgd med dette læreverket, spesielt fordi ho meiner lærestoffet vert for komprimert. Intervjuobjekt 2 er ikkje samd i ein del av framstillingane dette verket presenterer. Begge seier at dei gjerne tar utgangspunkt i oppgåver i dette verket, for så å gjere om på desse oppgåvene før dei delar dei ut til elevane, fordi oppgåvene i utgangspunktet ikkje er gode nok.

Intervjuobjekt 3, som nyttar Matrix som læreverket er høveleg nøgd med dette læreverket. Han viser til at det er eit allsidig læreverket, og at det er ein del gode oppgåver der. Han er derimot ikkje nøgd med alt i dette verket, og seier at også han gjerne gjere om på ein del av oppgåvene der. Det må presiserast at lærebøkene informantane nyttar er frå før 2013, då Utforskaren kom med som eige hovudområde i læreplan for samfunnsfag. Dette kan ha ein medverkande årsak til at informantane ikkje meiner verka er godt nok lagt til rette for å nå måla i Utforskaren.

Intervjuobjekt 1 seier at Kosmos er til dels lagt til rette for oppgåver som er tilpassa Utforskaren. Ho seier dette læreverket har oppgåver som vert kalla «tenk sjølv»- oppgåver. Desse er derimot ikkje alltid like gode, hevdar ho. Ho seier det er ein ressursperm som høyrer til læreverket, men at denne heller ikkje er særleg god. Det er også ein nettressurs til læreverket, men denne vert omtalt som svært dårleg. Ho saknar at nettressursen vert oppdatert, då dette hadde vore eit godt alternativ til å måtte kjøpe nytt klassesett. Ho seier at ho nyttar internett ein del, og at dette er god veksling frå å nytte lærebøkene.

«Og vi har jo Kosmos, som er ei bok der alle tre delane av faget er samla. Og det har jo sine fordelar, men det er jo det at det har sine ulemper også, med at stoffet vert for komprimert. Spesielt i forhold til dei som slit litt i faget, så blir det veldig mykje fagstoff på liten plass.»
Intervjuobjekt 1

Intervjuobjekt 2 hevdar at det ikkje er nødvendig med så frykteleg mykje forskjellig utstyr for å nå måla i Utforskaren.

«Det handlar stort sett om å leggje opp til gode opplegg utan at du treng alt for mykje fancy ting.» Intervjuobjekt 2

«Eg trur du kjem ganske langt med PC'ar, og det har vi rikeleg av her, og smartboard har vi rikeleg av, eitt i kvart klasserom. Og då trur eg faktisk at du kjem rimeleg langt i mange av dei måla her.» Intervjuobjekt 2

Intervjuobjekt 3 meiner skulen har gode læremiddel til å oppfylle måla i Utforskaren. Også han viser til at skulen er godt utstyrt med digitale verktøy. Han seier at det er i ferd med å bli installert SMARTBOARD i alle klasserom, og at lærarane har hatt kurs i bruk av desse. Dei har også eigne datarom samt mobile dataskap tilgjengeleg. Han seier læreverket er blitt nokre år, og at det snart er klar for utskifting. Han meiner dette er eit godt læreverkt som er allsidig, og ganske godt lagt til rette for å nå måla i Utforskaren.

«Ganske allsidig bok, med statistikkar, skriftlege kjelder, bileter, kart. Det meste er inni her.»
Intervjuobjekt 3

Han seier at det er ein del refleksjonsoppgåver i Matrix, men ikkje alt er like godt. Generelt er han ganske godt fornøgd med Matrix. Han seier at han elles nyttar internett, videosnuttar, ein del gode

hefter og permar som han har tilgjengeleg på skulen. Samt ein del kart, som han meiner er viktig å bli kjend med.

Det kjem fram at informantane meiner at digitale verktøy er godt eigna for å arbeide med måla i Utforskaren. Dei viser alle tre til at dei nyttar dette i eiga undervisning, og dei meiner sjølve at dei har god tilgang til dette. Sjølv om fleire av måla i Utforskaren er å kjenne att frå før det var eit eige hovudområde i læreplan for samfunnsfag, er det naturleg å tenkje at lærebøkene som vert produsert i dag legg større vekt på oppgåver som er tilpassa måla i det som no er eit eige hovudområde.

5.0 Oppsummering og konklusjon

Denne oppgåva har vist korleis eit utval samfunnsfaglærarar på ungdomstrinnet i Sogn og Fjordane nyttar Utforskaren i praksis. Funna som er gjort i oppgåva viser at gruppa informantar har forståing av kva Utforskaren er, og at dei gjennom undervisning i faget arbeider med måla i hovudområdet bevisst og ubevisst. Det viser seg at det er ei viss usikkerheit rundt korleis ein skal nytte Utforskaren fordi måla i dette hovudområdet er metodar og ikkje eit endeleg produkt. Gjennom intervju fann vi ut at metodar som informantane nyttar i undervisning ofte samsvarar med måla i Utforskaren, gjerne utan at det var tenkt gjennom på førehand av undervisning.

Diskusjon og refleksjon vert trekt fram som viktige delar av Utforskaren. Informantane legg ofte opp undervisning slik at dette kan gjennomførast i klasserommet. Det kjem fram at dette er mål i Utforskaren som er enkelt å gjennomføre utan mykje planlegging.

Kjeldekritikk er noko som vert sett på som ein svært viktig del av ikkje berre Utforskaren, men også generelt i samfunnsfaget. Det kjem fram at dette vert sett på som spesielt viktig fordi ein i dagens samfunn vert eksponert for veldig mykje informasjon frå mange forskjellige kanalar. Å gjere elevane bevisst på at dei må møte denne informasjonen med eit kritisk blick ser ut til å vere høgt prioritert blant informantane i denne oppgåva.

Bruk av digitale verktøy vert trekt fram som naturlege hjelpemiddel for å nå måla i Utforskaren. Det verker som om dette i stor grad vert forbunde med måla som går på kjeldekritikk. Digitale verktøy vert nytta aktivt i planlegging og gjennomføring av undervisning.

Den utforskande eleven vert trekt fram som noko Utforskaren kan vere med å bidra til å få til. Dette vert sett på som positivt. Dette har blitt lagt meir til rette for å få til gjennom at elevane skal lage og gjennomføre eigne undersøkingar.

Det kjem fram at metodane i Utforskaren også er godt eigna til å nytte i andre fag enn samfunnsfag, som Intervjuobjekt 3 gjer ved å nytte dette i engelsk.

Informantane som nytta Kosmos som læreverk kom med kritikk mot dette, medan informantane som nyttar Matrix meiner at dette er eit høveleg godt læreverk. Alle tre informantane gjer ofte om på oppgåvene i lærebøkene, då dei meiner at oppgåvene ofte ikkje er gode nok retta mot Utforskaren. Det kjem fram at digitale verktøy vert sett på som eit naturleg supplement til lærebøkene, og dei tre informantane seier at dei er godt nøgde med tilgangen på digitale verktøy på skulane dei arbeider ved.

Det viser seg at det er blanda syn på nytteverdien av Utforskaren som eige hovudområde. Det vert trekt fram som positivt at den presiserer metodar for å nå måla, og at bevisstgjeringa rundt desse måla vert klarare når det står som eige hovudområde. Samstundes vert det stilt spørsmål om ein kanskje er for mykje bunden opp mot måla, og at ein kunne stolt meir på lærarane sine eigenskapar til å komme fram til gode undervisningsopplegg sjølve.

6.0 Referansar

- Aarre, T., Børhaug, K., & Christophersen, J. (2014). *Introduksjon til samfunnskunnskap. Fagstoff og didaktikk* (3. utg.). Oslo: Samlaget.
- Christoffersen, L., & Johannessen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene* (1. utg.). Oslo: Abstrakt forlag.
- Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving* (5. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Dewey, J. (2002). Erfaring og tenkning. I E.L. Dale (Redd.), *Om utdanning. Klassiske tekster* (ss. 53-66). Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Grønmo, S. (2004). *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Imsen, G. (2012). *Elevenes verden. Innføring i pedagogisk psykologi* (4. utg.). Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Koritzinsky, T. (2014). *Samfunnskunnskap. Fagdidaktisk innføring*. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Kunnskapsdepartementet. (2015). NOU 2015:8. (2015). *Fremtidens skole - Fornyelse av fag og kompetanser*. Oslo: Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon, Informasjonsforvaltning. Henta 21.04.2016, frå:
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2015-8/id2417001/?q=&ch=3#KAP2-3-1>
- Larsen, A. K. (2007). *En enklere metode. Veiledning i samfunnsvitenskapelig metode* (4. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.
- Lund, E. (2016). *Historiedidaktikk. En håndbok for studenter og lærere* (5. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Nolet, R. (2015). Tren tankene med geografi. I R. Mikkelsen, & P. J. Sætre, *Geografididaktikk for klasserommet* (3. utg.). Oslo: Cappelen Damm.
- Skavhaug, T. W. (2014). IKT og geografiundervisning. I R. Mikkelsen, & P. J. Sætre, *Geografididaktikk for klasserommet* (2. utg., s. 237). Oslo: Høyskoleforlagets didaktikkbøker.
- Store Norske Leksikon. (2014). *Informasjonssamfunn*. Henta 28.04.2016, frå:
<https://snl.no/informasjonssamfunn>
- Tjora, A. (2012). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (2. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.

Utdanningsdirektoratet. (2009). *Kunnskapsløftet – tungt å bære?* Henta 08.04.2016, frå:
http://www.udir.no/globalassets/upload/rapporter/2010/evakl/5/fire_andre_delrapport.pdf

Utdanningsdirektoratet. (2012a). *Høringsbrev om endringer i læreplaner for engelsk, matematikk, naturfag, norsk og samfunnsfag – LK06 og LK06-samisk.* Henta 08.04.2016, frå:
<http://docplayer.no/14767364-Horingsbrev-om-endringer-i-laereplaner-for-engelsk-matematikk-naturfag-norsk-og-samfunnsfag-lk06-og-lk06-samisk.html>

Utdanningsdirektoratet. (2012b). *Prinsipp for opplæringa.* Henta 05.05.2016, frå:
<http://www.udir.no/Lareplaner/Kunnskapsloftet/Prinsipp-for-opplaringa/Motivasjon-for-laring-og-laringsstrategiar/>

Utdanningsdirektoratet. (2013a). *Utdanningsdirektoratets anbefalinger til endringer i læreplaner for gjennomgående fag – oppdrag 42-10.* Henta 09.04.2016, frå:
http://www.udir.no/Upload/lareplaner/Utkast/gjennomgaende/forslag_KD_100413/Oversendelsesbrev_forslag_til_KD-42-10.pdf?epslanguage=no

Utdanningsdirektoratet. (2013b). *Læreplan i samfunnsfag.* Henta 10.04.2016, frå:
<http://www.udir.no/kl06/SAF1-03/Hele/Hovedomraader>

Utdanningsdirektoratet. (2013c). *Samfunnsfag – rettleiing til læreplan.* Henta 11.04.2016, frå:
<http://www.udir.no/Lareplaner/Veiledninger-til-lareplaner/Revidert-2013/Rettleiing-til-lareplan-i-samfunnsfag/2-Eigenart-ved-faget/>

Utdanningsdirektoratet. (2013d). *Læreplan i naturfag.* Henta 05.05.2016, frå:
http://www.udir.no/kl06/NAT1-03/Hele/Komplett_visning

Vedlegg- Intervjuguide

1. Kor lenge har du jobba som lærer og med faget samfunnsfag?
2. Kva er din kjennskap til hovudområdet Utforskaren?
3. Kvifor meiner/trur du at utforskaren har komen inn i læreplanen for samfunnsfag?
4. Korleis legg du til rette for Utforskaren i planlegginga av samfunnsfagundervisninga?
5. Korleis arbeider du med utforskaren i samfunnsfagsundervisninga?
6. I kva slags grad ser du nytteverdien i Utforskaren?
7. Kva slags fordelar og ulemper ser du med dette hovudområdet?
8. Korleis nyttar du Utforskaren i dei andre hovudområda i læreplanen for samfunnsfag?
9. Oppfattar du Utforskaren som noko nytt ? Eller er det gamle mål på ein ny måte?
10. Har skulen læremiddel til å oppfylle måla i Utforskaren som kompetanseområde?
11. Er det noko vi har gløymd å snakke om?